

**Fra:** Knut Erik Ebne (Knut.Erik.Ebne@etne.kommune.no)

**Sendt:** 12.03.2018 15:20:07

**Til:** Even Vaular

**Kopi:** Odd Inge Vestbø; Bjørn Fjalar Eikemo; Sundal Eva (eva.sundal@vegvesen.no)

**Emne:** SV: Søknader trygg skuleveg / punktutbetring 2018

**Vedlegg:** image001.png;SKM\_C554e18031214390.pdf

HEI!

Som vedlegg til søknadene om tiltak, har vi lagt ved uttale frå Etne kommune til investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018-2029.

I denne uttalen er det vist til at Etne er nemnd 5 stader i investeringsprogrammet. FV 48 Skånevik – Flesjå, samt Skånevik ferjekai er direkte nemnde. Etne kommune har og understreka i same uttale at det er rimeleg at Fv 48 vert ein del av det overordna fylkesvegnettet.

Vi har i vår trafiksikringsplan med miljøgate i Skånevik der fartsreduksjon, og **felt av vegbanen for mjuke trafikantar er med.**

**Ut frå dette er det naturleg at blant desse 4 svært gode tiltaka som vi nå har søkt midldar til, prioriterer miljøgate Skånevik som nr.1**

For dei andre 3 tiltaka som vi har søkt om, er Fv 34 nemnd i denne same uttale til RTP 2018-2029 med setninga, «Fylkesveg 34 mellom Skånevik og Etne treng opprusting».

Vidare er det i vår trafiksikringsplan under rullering skrevet følgjande om Fv 34.

#### **«Oppruste Fv.34 Etne - Skånevik. Idrettshall**

*Dette er eit tiltak som omfattar den delen av fylkesvegen som ikkje har vore prioritert i andre samanhengar. Ein stor del av området er plassert i «sone III» i kommuneplansamanheng, og dette tilseier at det er lagt til rette for spreidd utbygging. Vegen er smal og svingete og har ikkje passering for to bilar. Området på Skåneviksstranda har eit stort potensiale for vidare utbygging, og i den samanheng er det eit område som må prioriterast høgt»*

#### **G-/s-veg Enge – Julaskår**

*Dette tiltaket heng saman med opprusting av Fylkesveg 34 frå Enge til Skånevik...*

**Prioritering for denne søknadsrunden.**

<b>Etne. Nr 1</b>	Granittkantstein, miljøgate Skånevik sentrum (utvida frå 2017)Tiltak nr.4
<b>Etne Nr.2</b>	Fv34 Skånevik - Etne, ved Børkjenes – Nervik området Tiltak nr.2
<b>Etne Nr.3</b>	Fv34 Skånevik - Etne, g/s-veg ved Fitje (om lag 1km frå Etne sentrum)Tiltak nr.3

For tiltaket prioritering nr.2 er det viktig å seie at dette kan oppfattas som eit vedlikehaldsprosjekt, utafør det som er gitt i denne søknadsrunde.

Om so er tilfelle bed ein om at fylkeskommunen får fortgang i å utbetre dette strekket ved Børkjenes, før biler vert øydelagde av ujevnt underlag, og at evt vegbana gir etter for store biler. Vi bed om av SSV tar ein synfaring på staden snarast.

Fell dette tiltaket utanfor denne søknadsrunde bed vi om at dei som er prioriterte som nr 3 og 4 rykker tilsvarande opp som nr 2 og nr 3. Sjå vedlegg i dagens lokalavis frå vegstrekinga Børkjenes fv.34.

**Håper dette var klargjerande, og at våre tiltak vert prioriterte. Fylkesvegane våre har aukande trafikk, noko som gir aukande behov for tiltak på smale vegar.**

**Ta kontakt om noko er uklart!**

Med vennleg helsing

Knut Erik Ebne

Rådgjevar oppmåling

---

**From:** Even Vaular [mailto:Even.Vaular@hfk.no]  
**Sent:** 12. mars 2018 09.55  
**To:** Axel Otto Krüger; Knut Erik Ebne  
**Subject:** Søknader trygg skuleveg / punktutbetring 2018

Hei!

De har søkt om støtte til fire tiltak:

Etne	Granittkantstein, miljøgate Skånevik sentrum (utvida frå 2017)
Etne 1 (?)	Fv34 Skånevik - Etne ved Kjærringleiv, utbetring av smal veg
Etne 2 (?)	Fv34 Skånevik - Etne, ved Børkjenes -

	Nervikområdet
Etne 3 (?)	Fv34 Skånevik - Etne, g/s-veg ved Fitje (om lag 1km frå Etne sentrum)

Forutan søknaden om tiltak i Skånevik sentrum er det oppgitt eit prosjektnummer (1,2 og 3) på søknadane. Er dette rekkefølga som prosjekta vert prioritert i? Og vert då tiltak i Skånevik prioritet 4? Om dette ikkje er tilfelle, vil eg gjerne vita kva tiltak som er prioritert høgast. Sett då prioritet for alle tiltaka.

For tiltak ved Børkjenes-Nervik er det for meg noko usikkert om kor prosjektet er forankra. For same prosjekt + g/s-veg Fitje: Vart desse meldt inn i samband med høyringa av Investeringsprogrammet for fylkesvegane 2017?

Sett pris på snarleg tilbakemelding!

*Beste helsing*

**Even Vaular**

Rådgjevar

Samferdselsavdelinga | transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 90 75

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)